



Arkivsaknr: 2024/13271-23  
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland  
Furustøl  
Avdeling:

## SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 samt avslag på søknad om løyve for etablering av veg – gbnr 351/108 Naustvika

| Utvalssak | Utval                          | Møtedato |
|-----------|--------------------------------|----------|
|           | Utval for areal, plan og miljø |          |

### KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå tiltakshavar på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 samt avslag på søknad om løyve for etablering av veg – gbnr 351/108 Naustvika, datert 18.03.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod mot sjø for etablering av veg. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Alver kommune avslår søknad om løyve til etablering av veg. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

### SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 232/2025

|                |                                                                                                                                                                                 |
|----------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Påklaga vedtak | Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 samt avslag på søknad om løyve for etablering av veg – gbnr 351/108 Naustvika, datert 11.03.2025 |
| Tiltak:        | Etablering av tilkomstveg til fritidsbustad ca. 90 meter lengde og 3 meter bredde på gbnr 351/108                                                                               |

Søknadstype: Dispensasjon og søknad om tiltak  
Eigedom: Gbnr. 351/108  
Adresse: Naustvika 15, 5917 Rossland  
Tiltakshavar: Irene Landsvik  
Klagar: Tiltakshavar med hjelp av Hammar-Kameratane AS  
Nabomerknad til søknad/  
Tilsva til klage: Marie Victoria Rekdal Skogrand og Audun Yrke – gbnr 351/108  
Synfaring: Administrasjonen har ved handsaminga av søknaden varsla synfaring ved fire tilfelle, men dokumentasjon på gjennomført synfaring ligg ikkje føre i saka.

### **Vurderingstema for APM**

APM må vurdere søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 og søknad om løyve for etablering av veg.

Dersom APM vel å snu, kan dei berre gjere vedtak om innvilga dispensasjon. Søknad om løyve til tiltak vert sendt tilbake til administrasjonen for handsaming i tråd med gjeve dispensasjon for etablering av veg.

Dersom APM vel å snu, så følgjer det av uttale frå Vestland Fylkeskommune, som vegmynde, at tiltaket krev løyve til utvida bruk av fylkesvegen. Klagar er ueinig i dette kravet.

Administrasjonen legg til grunn at tiltaket krev løyve til utvida bruk av fylkesvegen. Løyve til utvida avkøyrslø må søkast direkte til vegmynde - Vestland Fylkeskommune. Dette må ligge føre før administrativ handsaming av søknad om løyve til tiltak.

### Nytt i klageomgangen

I tilsva til klage frå eigarane av landbrukseigedomen og garden – gbnr 351/108, så er det mottatt nye opplysningar i klageomgangen. Dei nye opplysningane gjeld planlagt aktiv drift for garden på omsøkt areal for vegen.

Gbnr 351/108 anerkjenner tiltakshavarar rett etter jordskifte til å etablere omsøkt veg i den gamle køyrevegen. Plasseringa av vegtrasè er i tråd med jordskiftedommen.

Omsøkt veg er positiv ved at garden får betre tilkomst til areala vest for den planlagde parkeringsplassen. Samtidig er tilkomsten til desse areala er i dag tilfredsstillande, så garden har ikkje eit trengande behov for omsøkt veg som tilkomst til areala vest for den planlagde parkeringsplassen.

Landbrukseigedomen og garden – gbnr 351/108 er samla sett negativ til omsøkt plassering av vegen. Som nye eigarar av landbrukseigedomen sidan august 2024, så har dei eit sterkt ønskje om starte med aktiv drift med sau på garden med oppstart vinteren 2025. Vegen vil da føre til tap av innmarksbeite for ein gard med små arealressursar.

Det vert auka biltrafikk til fritidsføremål gjennom gardstunet. Dette vil vere til stor ulempe for ei aktiv drift i høve dyr på beite akkurat der vegen er plassert. Trafikken aukar med for, gjødsel byggearbeid på fjøset, dyr som skal transporterast og opplagring av landbrukutstyr mv. Vegen til fritidsbustad er ikkje foreinleg med den planlagde aktive drifta på garden.

Tidlegare eigar hadde ikkje aktiv drift på garden og nytta garden til fritidsføremål. Landbruksomsynet til planlagt drift på garden får ein heilt anna relevans enn når garden var nytta til fritidsføremål.

Sjølv om jordskiftedommen gir tiltakshavar rett til omsøkt plassering, så er det ønskeleg frå garden med planlagt framtidig drift at ein annan plassering vert valt.

Gbnr 351/108 er positiv til å innleie ein dialog om ei alternativ plassering som er i nærleiken av omsøkte plassering. Plasseringa er i tråd med den plasseringa som tiltakshavar opprinneleg fremja i jordskiftesaka (sjå kart frå jordskiftesaka under kart/foto). På denne måten kan partane i fellesskap finne ein omforent løysing for plasseringa av vegen. Vegene vil då tene både landbruksinteressene for ein gard i aktiv drift og tene fritidsbustaden sitt behov for køyreveg.

### **Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM**

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar. Klagar har klagerett i saka som part. Vedtak i saka er sendt ut 11.03.2025. Klagen er mottatt 18.03.2025 og er mottatt innan fristen.

Tilsvaret til klagen er datert 20.05.2025 og mottatt 21.05.2025.


Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Meland kommune 2015-2026 er definert som LNF.

### **Kart og foto**


Oversikt – gbnr 351/108



### LNF- føremål – gbnr 351/108



### Lengdeprofil – veg til fritidsbustad ca. 90 meter lengde og 3 meter bredde




### Ortofoto – gbnr 351/108





Vedlagt tilsvaer til klagen: Kart fra jordskiftesaka. Kartet viser kor tiltakshavar ønska å byggje veg då saka vart fremja.



Bilete av delar av vegen – sendt inn av klagar



### **Uttale frå andre mynde**

Det er gitt uttale frå Vestland Fylkeskommune den 05.03.2025. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen når saka er avklart etter plan- og bygningslova.

Det er gitt negativ uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 25.02.2025.

Vegen vert plassert på innmarksbeite som vil splitte opp innmarksbeite. Det vert vist til nasjonal jordvernstrategi, der det ikkje skal omdisponerast meir enn 2000 dekar på landsbasis pr. år. Det ligg ikkje føre gode grunnar til å bygge ned landbruksareal for å etablere veg til fritidsbustad. Arealet utgjer eit fint kulturlandskap.

Fritidsbustader utan veg og infrastruktur dekte i 2021 ca. 8% av det totale bebygde arealet på landsbasis. Dersom alle desse fritidsbustadene skal få eigen køyreveg, så vert presedens verknaden omfattande. Arealkonsekvensane må grundig vurderast.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF og byggeforbod mot sjø.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Køyrevegen til fritidsbustad er i realiteten ein utbetring av eksisterande landbruksveg med minst mogleg terrenginngrep. Plasseringa av vegtrasè er i tråd med jordskiftedom.

### **Klagegrunnar**

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagar opplys at vegen har vore etablert sidan tidleg 1600 talet og var kjerreveg fram til 1959 då det kom fylkesveg frå Rossland til Landsvik. Etter det har den vore nytta som landbruk- og tilkomstveg. Vegen har kulturhistorisk verdi. Det er ein eksisterande veg som skal opprustast. Privatisering av kystområde vert difor ikkje auka og det er ikkje fare for presedens. Vegen sikrar tryggare- og betre drenert veg ned mot sjø. Vegen vil sikre tilkomst til landbruket og fritidsbustaden samt tilgang til sjø. Vegen vert i dag nytta av tiltakshavar og fleire andre. At omsøkt veg allereie eksisterar er det avgjerande argument for å godkjenne vegen.

Dei første 40 metrane av vegen (ved hovudbruket) er svært sørpete og dårleg drenert. Det vert opplyst at hovudbruket grov ned ein 4 kubikk septiktank på 1980 talet som seinare vart grove opp igjen. Holet etter tanken blei berre fylt igjen med jord og ingen drenering vart gjennomført. Dette vil bli utbetra ved opprusting av veg.

Arealet som er tenkt til parkering er plassert på tiltakshavar sin eigedom - gbnr 351/39. Det er kun dette arealet som får endra bruk. I dag er arealet registrert i gardskartet hos NIBIO som produktiv skog, men arealet er i realiteten ikkje produktiv skog.

Klagar meiner det ikkje er krav til søknad om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvar til klage er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Vi kjøpte landbrukseiendommen 351/8 på det åpne markedet i august 2024. Vi overtok eiendommen i august 2024 og flyttet dit samme måned. Målet vårt er å starte opp aktiv drift med sau på garden. Vi har startet prosessen med å oppgradere den gamle driftsbygningen, og har mål om å starte opp med sau i løpet av vinteren 2025.

Vi har forstått at det har vært en langvarig konflikt om veiretter mellom tiltakshaver og tidligere eier av 351/8. Vi er kjent med dommen fra jordskifteretten 09.05.2024 der det ble konkludert med at tiltakshaver har rett til vei i den gamle kjøreveien over 351/8. Vi er positive til at tiltakshaver får bygge kjørevei til sin fritidseiendom ettersom jordskifteretten har kommet til at de har rett til det. Slik vegen er planlagt ser vi likevel at dette vil ha både positive og negative følger for landbruksdrifta på vår eiendom som vi mener er relevant å ta med i vurderingen.

På den positive siden:

1. Veien vil til en viss grad kunne gi oss bedre tilkomst til arealene våre vest for den planlagte parkeringsplassen. De bløteste områdene er imidlertid ikke på den traseen som nå skal bygges, men nede i dalen for enden av den planlagte veitraseen. I dag bruker vi kun en liten atv i drifta og har god tilkomst på våre arealer med denne, men dersom det skulle bli aktuelt å bruke en liten traktor senere så kan den planlagte kjøreveien bidra til bedre tilkomst.

Det som vi ser som negative sider ved etablering av kjørevei på denne traseen er:

1. Tap av innmarksbeiteareal for oss. Gården har små arealressurser i utgangspunktet og da blir det en avveining om fordelene med veien er større enn ulemmene med tapet av beiteareal.
2. En annen klar ulempe er at det vil bli økt biltrafikk gjennom vårt gårdstun. Tiltakshaver har rett til å gå på veien allerede i dag og kjører noen ganger her med ATV, men de har også en annen tilkomst til hytta 30 meter lenger sør, som vanligvis blir brukt når det er tørt nok. Hvis det blir etablert kjørevei som planlagt regner vi med at all tilkomst til hytta blir langs den nye kjøreveien, og det vil da være biltrafikk og ikke bare gangtrafikk. Når vi nå planlegger aktiv drift på gården så ser vi dette som en ulempe. Vi kommer til å ha dyr på beitet som veien går over, og det kommer til å bli mer trafikk med fôr, gjødsel, byggearbeid på fjøset, dyr som skal transporteres, opplagring av landbruksutstyr m.m. Tidligere eier hadde ikke selvstendig drift, og brukte eiendommen hovedsakelig som fritidsbolig. Situasjonen er endret i dag når vi ønsker å bo her og forsøker å legge til rette for aktiv drift på eiendommen. Tun/ gårdsplass har lite areal i utgangspunktet og selv om vi eventuelt kan utvide gårdsplassen noe, så er vi redd for at det kan bli mer konflikter mellom landbrukseiendommen og hytta dersom det skal bli kjørevei gjennom tunet slik det er planlagt, sammenlignet med om hytta hadde hatt en separat tilkomstvei som gikk utenom tunet. Vi har forståelse for at tiltakshaver ønsker å ha bilveien her ettersom det er der de har kjørerett etter jordskiftedommen, men sett fra vår side ville det vært bedre om traseen gikk utenom tunet vårt.

Ut fra det som er gjengitt i jordskiftedommen forstår vi at tiltakshaver i utgangspunktet ønsket å bygge kjørevei 30 meter lenger sør, slik det er vist i kartet fra jordskiftesaka. Her har de allerede 2 parkeringsplasser langs fellesveien. Denne traseen ligger under en bratt skrent og ville derfor ha vært helt skjermet fra vårt tun. Arealet nedenfor skrenten er svært dårlig drenert, og en driftsvei her ville hatt større nytte for drifta vår enn veien som nå er planlagt oppe ved tunet. Her er jorda myrlendt og tørker sakte opp, og en driftsvei kunne hatt stor nytte siden det her ofte er et problem at jorda er for blaut til å kjøre på. Vi kunne da for eksempel ha brukt veien til å kjøre ut gjødsel, rydde beite/ hente ved, transportere utstyr til og fra når arealet blir brukt til beite m.m. også i regnværperioder. Tidligere eier var negativ til denne løsningen da dette var diskutert i jordskifteretten. Vi har et helt annet syn på dette og ville ha stilt oss svært positive til dette alternativet om det skulle bli aktuelt. Uansett utfall håper vi at saken kan få en løsning som alle parter vil være tjent med.»

«Figur: Kart fra jordskiftesaken som viser hvor tiltakshaver ønsket å bygge vei da saken ble fremmet. Vi vil peke på dette som en mulig alternativ løsning som vi vil stille oss positive til dersom avslaget i denne saken står ved lag.»

Det vert vist til tilsvaret til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

#### **KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN**

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

##### **«Generelt om dispensasjon**

Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

##### **Vurdering av omsynet**

Omsynet bak arealføremål LNFR er å verna natur og friluftsområde, og sikra at areal til primærnæringa og naturbruk og vert oppstykkja og nedbygd. Byggeforbod mot sjø som er fastsett at pbl. § 1-8 skal sikra vern av sjøområde, både av omsyn til natur og miljø, samt hindra privatisering av sjønære areal.

Forvaltningspraksis i kommunen er å vera svært restriktiv med å gje dispensasjonar som bidreg til oppstykking og nedbygging av landbruksareal.



I denne saka vil tiltak krevje inngrep i kulturlandskap og areal som er registrert som dyrka mark.

Det er eit særskilt mål for forvaltninga å verna om kulturlandskap og landbruksareal. Praksis for etablering av nye fritidseigedommar enten via byggesak, eller planprosess er å tilrettelegga for felles parkering utanfor LNFR areal, med gangsti til hytter/naust. Kommunen ser det ikkje som naudsynt å ha køyreveg gjennom landbruksareal for å tena fritidseigedommar.

Det er ikkje ynskjeleg med auka trafikk gjennom dyrka mark, og tiltaket legg opp til fleire parkeringar ved sjø. Det er ikkje ønskeleg for arealforvaltninga og leggja til rette for ein praksis kor eldre fritidsbustader får rett til å etablere køyreveg til eigeidommen, då dette vil ha store konsekvensar i eit arealforvaltningsperspektiv.

Det må og merkast at til tross for mindre terrenginngrep vil tiltaket råka kulturlandskapet i strandsona, og kan i nokon grad bidra til privatisering av kystområde.

Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre fordelar ved å gje dispensasjon som kan hensyntakast i ein byggesak, medan dei negative konsekvensane er klart av ein kvalifisert grad.

Kommunen vurderar at omsynet bak arealføremål LNFR og pbl. § 1-8 blir satt vesentleg til side i denne saka, og at fordelane ikkje er klart større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNFR og pbl. § 1-8 ikkje er oppfylt.»

### **Vurderingar av moment i klagen**

I klageomgangen, så har landbrukseigedomen – gbnr 351/108 med planlagt framtidig drift på garden synleggjort at omsøkt plassering samla sett ikkje er foreinleg med gardsdrifta.

LNF- føremålet med omsyn til landbruket, innmarksbeite og planlagt framtidig drift på garden er i svært tungtveiande omsyn i saka. Det skal svært mykje til å gi løyve til ein veg som vert i strid med den planlagde drifta på garden når det søkjast om dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruk- natur og friluftsføremål).

Administrasjonen legg i klageomgangen avgjerande vekt på den planlagde drifta og dei samla ulemper som omsøkt veg vil medføre, herunder tap av innmarksbeite og køyring gjennom gardstunet.

Omsynet til landbruket underbygger og støttar opp under den negative uttalen frå Statsforvaltaren i saka.

Vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd. Det kan ikkje gis dispensasjon, jf. pbl. § 19-2 første ledd.

Ønsket om dialog om ein alternativ plassering er midlertidig fremja av garden med planlagt aktiv drift. Denne alternative plasseringa er i tråd med den plasseringa som tiltakshavar opprinneleg fremja i jordskiftesaka. Administrasjonen er einig med gbnr 351/108 at dialog om alternativ plassering er rett løysing i saka.

Dialog om plassering av vegen, vil kunne føre til at partane i fellesskap finner ein omforent og gjensidig løysing for plasseringa av vegen. Vegen vil då tene både landbruksinteressene for ein gard i aktiv drift og tene fritidsbustaden sitt behov for køyreveg. Dersom partane vert einige, så kan dei i fellesskap søkje veiledning hos kommunen via kontakt med Landbruksavdelinga og ein førehandskonferanse hos Byggesak.

### **Konklusjon**

Det er kommunedirektøren si vurdering at det har komen fram nye opplysningar i klageomgangen som i vesentleg grad underbygger det administrative avslaget i saka. Klagen skal ikkje takast til følge og vedtaket skal ikkje gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen frå tiltakshavar ikkje vert tatt til følge.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Vidare sakshandsaming**

Om klagen ikkje vert teke til følge vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følge, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

### **Nytta lovverk**

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle paratar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

#### Vedlegg

- 1 Svar til nabomerknad
- 2 Nabomerknad bilete
- 3 Nabomerknad
- 4 Nabovarsel
- 5 Kvittering for nabovarsel
- 6 Tiltakshavers samtykke
- 7 Lengdeprofil sit.plan ny veg til gbnr 351/39 og 351/108 Landsvik
- 8 Situasjonsplan ny veg til gbnr 351/39 og 351/108 Landsvik
- 9 Søknad om løyve i eitt trinn - Nytt anlegg - vei - gbnr. 351/108 Naustvika 15
- 10 Ettersendt dokumentasjon til søknad - gbnr. 351/108
- 11 Tinglyst tinglysingsutdrag.pdf
- 12 Bilde
- 13 Bilde
- 14 Avsluttende avgjørelse rettsendrende 5565625.pdf

- 15 A3 Tverrprofiler sit.plan ny veg til gnr 351, bnr 39 og 108, Landsvi....pdf
- 16 Supplering av søknad - gbnr 351/108 - Naustvika 15
- 17 Uttale - dispensasjon - Alver 351\_108 - etablering av veg.pdf
- 18 Uttale - dispensasjon - etablering veg - avkøyrsløse - gnr. 351 bnr. 108 - Alver kommune.pdf
- 19 Avslag på søknad om etablering av veg- gbnr 351/108 - Naustvika 15
- 20 Situasjonsplan ny veg til gbnr 351/39 og 351/108 Landsvik
- 21 Lengdeprofil sit.plan ny veg til gbnr 351/39 og 351/108 Landsvik
- 22 Klage på vedtak om avslag - gbnr. 351/108
- 23 bilde
- 24 Informasjon om synfaring på staden
- 25 Endra tidspunkt for synfaring.
- 26 Endra tidspunkt for synfaring
- 27 Endra tidspunkt for synfaring
- 28 Kommentar til APM.docx
- 29 Kommentar til klagebehandling - gbnr. 351/108
- 30 Avgjørelsesakliggeografiskavgrensningmedmeddommer 97083361 (1).pdf
- 31 Avgjørelsedommedtvistmedmeddommer 20916513.pdf
- 32 Avsluttendeavgjørelserettsendrende 13727756.pdf